



VÅGEN BARNEHAGE



Velkommen til oss!

***Vågstroll, Bergtroll
og Sjarmtroll***

**VÅRT MÅL:
Varme, tilstedeværende og
grensesettende vaksne.**

ÅRSPLAN 2023/2024

Innleiing

ÅRSPLANEN HAR FLEIRE FUNKSJONAR

For personalet er årsplanen ein arbeidsreiskap for å styra verksemda i ei medvite og uttala retning.

Årsplanen gir samstundes foreldre/ føresette høve til å kunna påverka innhaldet i barnehagen og den dannar grunnlaget for kommunen sitt tilsyn med barnehagen.

Vidare gir årsplanen informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til andre interesserte.

Årsplanen blir kvart år vedtatt av barnehagen sitt samarbeidsutval. Det er barnehagen sin styrar som har ansvaret for det faglege innhaldet i årsplanen.

I Vindafjord kommune er det utarbeida felles mal for årsplanarbeidet.



Stortinget har fastsett overordna føresegner om innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Barnehageloven vart først fastsett 17 juni 2005 nr 64. Ny rammeplan tredde i kraft 1 august 2017.

Rammefaktorar kan det lese meir om på www.mykid.no

2. Praktisk og generell informasjon



INFORMASJON OM BARNEHAGEN

Vågen barnehage opna i nytt bygg november 2009. Den ligg i Vågshagen, like ved skulen. Det er ein tre avdelings barnehage.

Vågstroll, 3-6 år, Bergtroll, 3-5 år og Sjarmtroll, 0-3 år.

Det er no 32 barn fordelt på huset. I år har vi kun 2 avdelingar. Vågstroll og Sjarmtroll

Barnehagen er kommunal og har ope måndag til fredag frå kl 06.45-16.30

Telefon:

Kontor: 53 65 58 80 /93 40 01 90

Sjarmtroll: 97 96 93 83

Vågstroll: 90 40 61 81

Bergtroll: 47 64 54 28

I Vindafjord kommune sine vedtekter for barnehagar står det at borna si opphaldstid i barnehagen til vanleg ikkje bør vera over 9 timar pr. dag.

Barnehagen er stengt lovfesta off. heilag dagar og fridagar samt jule- og nyttårsafta. Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen kl. 12.00.

Barnehagen er stengt dei 2 siste vekene i juli.

Barna skal i løpet av året ha 4 veker ferie, og tre av desse må takast samanhengande i løpet av juni, juli eller august.

Barnehagen har fem planleggingsdagar i året. Desse dagane held barnehagen stengt.

August 2023 : Bli kjent ☺						
Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
	1.	2.	3.	4	5.	6.
7.		9	10.	11.	12.	13.
14. PI DAG Bhg stengt	15. PI DAG Bhg stengt	16. Tilvenning nye barn	17 Tilvenning Nye barn	18 Tilvenning Nye barn	19.	20.
21.	22	23.	24.	25.	26.	27.
28.	29	30.	31.			

SMÅBARNAVDELINGEN – SJARMTROLL

Foreldresamarbeid

Me starter foreldresamarbeidet med dei nye foreldra i juni det året barna skal begynne i barnehagen. Ein kveld med informasjon og forventningsavklaring for nye foreldre.

Besøksdag for barna og foreldra i juni.

Tilvenning av nye barn:

Jåttåmodellen som utgangspunkt i tilvenninga D.v.s. at me har foreldra i barnehagen ca 5 timar i minst 2 dagar i tilvenningsperioden. Dette for at me som er tilknytningspersoner for dei nye barna skal få følgje foreldra og sjå korleis dei «gjer det» når dei sitter ved bordet med barnet, når dei steller barnet, når dei legger barnet o.s.v. Me kaller det «learning by watching».

Foreldresamtalar i løpet av okt/nov måned. Me går gjennom «Alle- med» skjema for dei gamle barna for å sjå om det må setjast i gang med tiltak for å hjelpe barna i deira utvikling. Pedagogisk leiar går gjennom korleis tilvenninga har vore for dei nye, og går gjennom dagsrytmen og forteller foreldra korleis me opplever at barnet deira har det i løpet av ein deira dag er til vanleg.

Foreldresamtalar i løpet av mars måned med dei foreldra som ønskjer det. Då går pedagogisk leiar gjennom TRAS skjema med foreldra til 2 åringane, Pedagogisk leiar går og gjennom «Alle med skjema» med foreldra til dei yngste barna.

Foreldremøte om hausten. Etter felles del, så samlast berre «våre» foreldre på Sjarmtroll. Då går pedagogisk leiar gjennom ein vanleg dag saman med foreldra.



September 2023							Starter med oppstart samtaler denne mnd
Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag	
				1	2.	3.	
4	5	6.	7.	8	9.	10.	
11	12	13	14.	15.	16.	17.	
18 Nasjonale brannvern veka!	19	20	21.	22.	23.	24.	
25	26	27.	28	29	30		



Sosial utvikling og språkutvikling

Me jobber mykje i små grupper for å trygge dei yngste barna. I alle overganger deler me dei gruppevis, med ein vaksen per gruppe. Då får me den gode kontakten med kvart enkelt barn og barna får den hjelp og støtte som dei trenger. Samstundes må dei lære seg å vente på tur ei lita stund, for alle 3 eller 4 barn kan ikkje få hjelp til f.eks påkledning på ein gong. I alle overganger snakker me med barna om det me gjer, slik at dei forstår at språket er viktig og at dei etter kvart kan både ta i mot beskjeder og utføre det me spør dei om.

Me synger mykje, både om navnene, om dagane og om været. Me har og ulike tema i morgensamlingane alt etter kva barna er opptekne av.

Språktrening

Me starter ofte med språktrening med dei eldste i løpet av hausten/vinteren. Då blir det trening med 3 barn kvar gong. Me bruker lotto, ulike leiker og anna materiale som barna er fortrulig med.

Motorisk trening.

Me er mykje ute og etter kvart som barna lærer seg å gå i ulendt terreng, så leiker me mykje i skogen. Det er super trening for alle barna å lære seg å gå i ulendt terreng . Me bruker også puterommet jevnlig, og der også er det god mulighet for motorisk trening. Forskning viser at variert terreng og innslag av naturelement bidrar til leik, mangfoldig bruk, fysisk aktivitet og motorisk utvikling. Me er så heldig at me har eit flott og variert uteområde. Me er veldig glade i uteområdet vårt!



Oktober 2023						
Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
		.	.			1
2.	3	4.	5.	6.	7	8.
9	10	11	12.	13.	14.	15.
16 Temaveke: Trafikk	17	18.	19. Refleks dagen!	20	21	22
23	24	25.	26.	27. Felles Samling! ☺	28.	29.
30	31					

Varme og grensesetjande vaksne

Me er på golvet med barna stort sett heile tida. Då blir me godt kjent med dei og me er nærverande og kan hjelpe når det trengst. Barna kjem ofte bort til oss og vil sitte på fanget ei stund, for så å gå ut i leiken igjen. Me seier at dei sitter «på lading». Me er årvakne heile tida for det som skjer i gruppa, slik at me kan sette gode grenser for barna når det trengst.

Overgang til stor avdeling

Når eit eller fleire av barna skal starte på ein stor avdeling, så bruker me god tid til å snakka om det, gå på besøk, lære namna til dei vaksne på den nye avdelinga. Dette gjer me for å trygge barna når dei skal begynne på ein ny avdeling. Det er deira andre overgang i livet. Den første var då dei starta i barnehagen, men nå har me meir regi på dette og ser kor lang tid barna tenger for å bli trygge og me er der for dei heile tida i overgangen til ny avdeling.



PERSONALET - OPPVEKSTSENTER FRÅ 2023

Einingsleiar:

Åse Markhuse Berge, 100%

Avdelingsleiar

Sofie Haugland 100%

Pedagogiske leiarar:

Liv Henny Gundersen	100%	Vågstroll
Julie Sætre	100%	Vågstroll bhg lærer
Wenche Ræstad	40%	Vågstroll bhg lærer (utd forb 40)
Aina Innbjo Hundhammer	80%	Sjarmtroll

November 2023 Foreldresamtaler i løpet av November ☺						
Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
		1.	2.	3.	4.	5.
6	7	8.	9.	10 PI dag! Bhg stengt!	11	12
13	14	15	16	17.	18.	19.
20 Forbereding til Jul ;)	21	22	23	24. Felles Samling! ☺	25.	26
27	28	29	30			

Barne og ungdomsarbeidere:

Leif Halvor Hundhammer Gjellestad	90%
Anne Synnøve Jacobsen Lothe	80%
Mette Kristine Solheim	80%
Cathrine Ingebrigtsen	50%

Pedagogiske veiledere:

Vigdis Vågen	80%
Hilde Mæland Moe	80%
Eli Militaru	80%



OPNINGSTID OG DAGSRYTME

Vågen barnehage har ope måndag til og med fredag frå kl 06.45-1630

Frå 06.45-0730 er avdelingane slått saman, og har base på kjøkkenet i øvste etasjen. Kl 0730 går Sjarmtroll ned.

Avdelingene er slått saman også på ettermiddagen frå 16.00-1630

FRUKT OG GRØNT

Opplysningskontoret for frukt og grønt har et eget konsept tilegnet barnehager. Her har vi registrert bhg og kan logge oss inn for tips til oppskrifter og materiell. *5 om dagen er et mål for oss som enkeltmennesker og nasjon – om at vi bør spise (minst!) 5 frukter og grønnsaker pr dag. Årsaken er enkel: Frukt, bær og grønnsaker skaper helse og livskvalitet. Dessuten smaker det utrolig godt, og er derfor et realistisk mål å nå bare vi bestemmer oss.*

Nissefest: Barn og voksne kler seg ut i røde og/eller kvite klede, og ei nissehue visst dei har det. Me ønsker ingen masker. Festen er for ALLE barn og voksne i barnehagen.

Luciafrukost: For barna og besteforeldre. Me inviterer til frukost og luciatog på morgonen. Har ikkje barnet besteforeldre som kan komme, så kan foreldra eller andre



Desember 2023						
Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
.				1. Adv samling	2.	3.
4	5	6	7. NISSEFEST	8. Adv samling	9	10.
11	12	13. Lucia frokost m/besteforeldre	14	15. Adv samling	16.	17.
18	19	20.	21.	22. Adv samling	23.	24. Julafta
25	26	27	28,	29	30.	31 Nyttårsafta! 7

RUTINAR RUNDT HENTING OG BRINGING I BARNEHAGEN



I bringe og hentesituasjonane er det viktig at det er kontakt mellom foreldre og personalet i barnehagen. Me ynskjer ein god overgang mellom barnehage og heim. De vil som regel alltid bli møtt i garderoben av ein av personalet. Når vi et frukost er det ikkje alltid at dei vaksne har moglegheit for å komma ut i garderoben, då er det fint om De kan fylgja barnet heilt inn på avdelinga. Me ynskjer at barna skal vera kome til kl 09.30. Då startar dei ulike aktivitetar. Det visar seg også at det er lettare å kome inn i leikegruppa når ein er der frå start.

Solfest: Sola er borte frå barnehagen ei stund i vinterhalvåret. I slutten av januar kjem den tilbake. Det feirer me med solboller og fest for barna i barnehagen. Kva dag det blir er litt vèr avhengig. Ca rundt 20. januar kjem sola til Vågstroll iallfall.



Januar 2024						
Måndag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
1	2	3.	4	5.	6.	7
8	9	10.	11.	12.	13.	14.
15	16	17.	18	19.	20.	21.
22 Pl dag! Bhg stengt!	23	24	25 SOLFEST	26 Felles Samling ☺	27.	28
29	30					

«VÆRE SAMMEN»

Vågen barnehage er ein **Løvebarnehage**. Over ein 5 års periode har vi fått auka kunnskap i personalgruppa om korleis vi møter barn på best mulig måte. Samt materiale til bruk inn i barnegruppa.

Med bakgrunn i programmet «Være Sammen» så jobber me ut frå å vere **VAKSNE SOM ER VARME TYDELIGE GRENSESETTERAR**.

Autoritativ vaksenstil går ut på at dei vaksne viser varme og omsorg overfor barnet, samtidig som dei er tydelige. Dei vaksne arbeider bevisst med å utvikle gode relasjonar til barnet prega av respekt og varme. Dei vaksne har klare forventningar til barnet på ein tydelig måte når det gjelder grenser og normer. Samtidig må dei vaksne klare å balansere mellom grenser og gode relasjonar: mykje krav og grenser krever like mykje varme og relasjon.

I møte med barna skal me:

- Gi god respons, ha blikk kontakt
- Vere bevisst i vårt kropps språk
- Vere mentalt tilstede
- Ta barneperspektivet
- Vise respekt og anerkjennelse

Barn som møter autoritative vaksne i bhg og heime:

- Utvikle eit god sjølvbilette
- Får god sjølvtilit
- Utvikler glede og meir vennlighet
- Blir demokratiske
- Får betre sjølvkontroll og større evne til å møte motgang og frustrasjonar
- Klarer bedre å holde på gode sosiale forbindelser
- Blir bedre til å kontrollere sterke følelser, og får større motstandsevne mot krav og stress
- Har høgare grad av evner til å ta ansvar og løyse oppgaver, og oppnår bedre resultat i skule og arbeidsliv.

UTVIKLINGSARBEID –

Kommunen nå er godt i gang med «**handlingsplan for trygt og godt skulemiljø**», samt «**kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis**».

Dette er eit av fleire tiltak som skal bidra til at born og unge får den hjelpa dei treng når dei trenger det, enten dei går i barnehage, grunnskule eller videregående skule.

Vi jobber for å bli enda meir systematiske i vårt arbeid slik at vi kan oppdage utfordringar tidligere.

Dette er ei oppfølging av Meld. St 6 Tett på - tidlig innsats og inkluderande felleskap i bhg, skule og SFO.



LIVSMEISTRING OG HELSE

«Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trives og opplever livsglede, mestring og kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing.

Barna skal få støtte til å mestre motgang, handtere det, stoppe det og følgje det opp.

Barna skal få ro, kvile og avslapping i løpet av bhg dagen.

Personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsette for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og dei skal vita korleis dei kan førebyggje og oppdage det.» *Rammeplanen for barnehagen*

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/verdigrunnlag/livsmestring-og-helse/>

Det er viktig at vi som vaksne hjelper dei gjennom dei forskjellige kjenslene, og set ord på det som skjer.

MANGFALD OG GJENSIDIG RESPEKT.

«Barnehagen skal bidra til at alle barn føler seg sett og anerkjent for den de er, og synliggjøre den enkeltes plass og verdi i fellesskapet.

Barnehagen skal synliggjøre variasjoner i verdier, religion og livssyn.» *Rammeplan for barnehagen*

LIKESTILLING OG LIKEVERD

«Barnehagen skal bygge sin virksomhet på prinsippet om likestilling og ikke-diskriminering og bidra til at barna møter og skaper et likestilt samfunn. Personalet må reflektere over sine egne holdninger for best mulig å kunne formidle og fremme likeverd og likestilling». *Rammeplan for barnehagen*

Karneval: Barn og vaksne kler seg ut å synger og danser i barnehagen. Me eter pølse i brød og koser oss i lag. Me ønsker INGEN masker.

Samenes dag: Me markerer samenes dag saman med barna 6. februar

Februar 2024						
Måndag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
			1	2.	3	4.
5.	6. Samenes Nasjonaldag	7	8	9	10.	11.
12	13.	14	15.	16.	17.	18 Fastelavens søndag
19	20	21	22 KARNEVAL	23. Felles Samling ☺	24.	25
26	27	28	29			10



BÆREKRAFTIG UTVIKLING

Bærekraftig utvikling handler om at mennesker som lever i dag, får dekket sine grunnleggende behov uten å ødelegge fremtidige generasjoners mulighet til å dekke sine. Det handler om å tenke og handle lokalt, nasjonalt og globalt. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at dagens handlinger har konsekvenser for fremtiden.

RUTINER FOR FØREBYGGANDE ARBEID MOT MOBBING

Åtferd skal jamnleg vera tema i alle grupper

Tiltak som foreldra kan bidra med for å utvikla eit inkluderande og godt miljø skal vere tema i alle foreldremøter. Foreldre og bhg tek eit felles ansvar for å støtte og styrke barna.



Bhg har få, tydelege og enkle regler for kva som er rett og galt. Alle tilsette skal kjenne til desse. Det blir snakka jamnleg om reglane i kvar gruppe og med kvart barn.

Det skal vere vaksne tilstade alle stader der mange barn er samla.

Dei vaksne skal vere lett tilgjengelige for barna.

Barnehagedagen: Blir feira ein gong i mars. Tema for barnehagedagen 2024 kjem på [Mykid](#)

Mars 2024:						
Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
Vinter Ferie skule				1	2	3
4	5	6	7	8.	9	10.
11	12 BHG DAGEN!	13	14	15.	16.	17.
18	19	20	21	22. Felles Samling!	23.	24. Palme søndag
25	26	27	28 Skjær torsdag	29. Lang fredag	30	31 Påskedag

VÅGSTROLL



FAGOMRÅDA

«Barnehagens verdigrunnlag og formål skal gi retning for og prege arbeid med fagområdene, og barnas rett til medvirkning skal ivaretas. Barnas lek danner et viktig grunnlag for arbeidet med fagområdene. Barnehagen skal ta utgangspunkt i barnas engasjement og bidrag slik at arbeidet med fagområdene kan oppleves som en meningsfull og morsom del av barnas hverdag. Barnas interesse for fagområdene skal stimuleres, og barnehagen skal bidra til å etablere et lærende fellesskap som verdsetter ulike uttrykk og meninger. Barna skal utvikle kunnskaper og ferdigheter innenfor alle fagområder gjennom undring, utforsking og skapende aktiviteter.

Barnehagen skal bruke ulikt materiell og utstyr, teknologi og digitale verktøy, spill, bøker og musikk i arbeidet med fagområdene. Fagområdene er i stor grad de samme som barn seinare møter som fag i skolen». *Rammeplan for barnehagen*

6- års grupper

I 6 års gruppene samles alle skulebarna til forskjellige aktiviteter men mest det som går på språktrening og førebuing til skulestart. Bading i Ølen badebasseng er noko vi søker midler til kvart år. Barna skal kjenne tryggleik og oppleve meistring og få å positive opplevingar i vatn.



Dei par siste åra har vi hatt eit tettare samarbeid med skulen etter Jul. 1 gong i mnd er 6 åringane våre nede på skulen og er saman med 1 klassingane.

Det er læraren i 1 klasse som har ansvar for desse timane. Vi ser at dette er med på å gjere overgangen enda tryggere!
Vågen bhg/skule er heldig som har mulighet til dette.

Foreldresamtaler i løpet av April/mai måned.

Påskevandring:

I forbindelse med påsken blir dei eldste barna i barnehagen invitert til å vera med på påskevandring i kyrkja, Barnehagen får invitasjon frå kyrkja når det nærmer seg.

April 2024						
Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
1	2	3.	4	5.	6.	7
8	9	10	11.	12.	13.	14
15	16	17	18.	19.	20.	21
22.	23.	24.	25	26 Felles samling!	27.	28.
29	30					

Det vil bli gjennomgang av påskebudskapet.

Livsglede

Vågen barnehage er ein Livsglede barnehage!

Hensikten er å stimulere til felles aktivitet, som gir de eldre en mulighet til å være en ressurs for barn og unge. Besøkene hos de eldre i deres nærmiljø, kan forankres i barnehagens rammeplan.

Vi har ein avtale med Ølen Omsorgsenter der vi får kome på besøk og ha forskjellige aktiviteter saman med dei eldre.

Her leser vi, speler spel, synger og har forskjellige formingsaktiviteter i forbindelse med årstidene og tema som Påske og Jul.

Dette er veldig givende for ung og gammal.



FÆRÅSEN



Positive meistringsopplevingar med fysisk aktivitet og samspelet med andre barn og unge under fysisk aktivitet kan bidra til å styrkje sjølvbiletet til barn. Å vere i aktivitet og i rørsle vil ha betydning for utvikling av den motoriske kompetansen til bar

Mai 2024						
Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
		1	2	3.	4.	5
6	7	8	9 Kristi himmel fartsdag	10. Planl dag! Bhg stengt!	11.	12.
13	14	15	16. Øver til 17 mai tog	17. 17 mai! Hurra! 😊	18.	19
20 PI DAG Bhg stengt	21.	22	23.	24.	25	26.
27.	28.	29.	30	31		

Trafikk sikkerhet

Alle kommunale barnehager er godkjent som trafikksikker barnehage. Dette betyr at trafikk og sikkerhet er i fokus i hverdagen. Målet med arbeidet er å gi barna erfaringer og gode holdninger slik at de er best mulig rustet til å ferdes alene i trafikken når de blir eldre. Trafikk er et tema som passer godt inn i hverdagen. Barna opplever trafikk når de skal til og fra barnehagen, når de skal på tur og når de erfarer trafikk gjennom lek og observasjon av hva de voksne gjør. Vågen barnehage har utarbeidet sin egen plan for trafikksikkerhet som du finner på hjemmesiden vår.

Sommerfest: For foreldre og yngre søsken ein gong i løpet av mai. Då får foreldra og barna servert grillmat frå personalet i barnehagen. Barna kjem til å opptre for foreldra. Meir informasjon kjem på www.mykid.no



Juni 2022 I juli er barnehagen stengt i veke 29 og 30						
Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
Sommerfest m foreldre etter været					1	2.
3.	4.	5.	6	7	8	9
10	11.	12.	13	14	15	16
17	18	19	20	21 Sommerferie for skulen	22.	23.
24	25	26	27.	28.	29	30

Overgang frå barnehage til skule

Rutinen for overgangen mellom barnehage og skule er forpliktande for både skule, barnehage og PPT. Rektor og styrar er ansvarlege for gjennomføringa.

TID	TILTAK	ANSVAR
SEPT.	Informasjon til foreldra i barnehagane, på foreldremøte eller i foreldresamtale, om: <ul style="list-style-type: none"> rutinen i kommunen ang. skulestart at skulen sender ut innskrivings skjema i des./jan. at 1. mars er frist for å søkja om utsett skulestart 	Styrar
DES. - JAN.	Henta ut namneliste på Unique Skole, over dei som skal starta	Sekretær/ Rektor
DES. - JAN.	Annonse i avisene om at innskrivings skjema vert sendt ut	Stabs- rådgjevar
DES. - JAN.	Skulen sender innskrivings skjema til foreldra. Samtykke frå foreldra ang. innhald/informasjon som skal leverast til skulen, er del av dette skjemaet. (Vedlegg)	Rektor
JAN. - MARS	Evt. ressursmøte skule, barnehage, foreldre og PPT om spesialpedagogiske tiltak for elevane som skal starta på 1. steg.	PPT
VÅR- HALV- ÅR	Skulen held informasjonsmøte for foreldra med presentasjon av skulen, tilsette, organisering, lese- og skriveopplæringa, SFO o.a. Dette kan samkøyrast med besøk av elevane på skulen. Dette foreldremøtet kan haldast medan elevane er i lag med "skulefadrane" sine.	Rektor
VÅR- HALV- ÅR	Komande 1. steg vert innbedne til skulen. Får møta lærar, fagarbeidar, fadrar, sjå på lokala osb.	Rektor/ lærar
VÅR- HALV- ÅR	Alle barn i barnehagen skal observerast med TRAS det året dei tek til på skulen. Barnehagen lagar perm med ei side per barn, der det er bilete av barnet, samt litt info om barnet.	Styrar
VÅR- HALV- ÅR	Overgangsmøte mellom skule og barnehage, der barnehagen informerer om barna som skal ta til på skulen. Gjennomgang av TRAS og "Alle med". Deltakarar: Rektor, kontaktlærar for 1. kl. ped. leiar, styrar og ved behov repr. for PPT.	Styrar
AUG. - OKT.	Foreldresamtale på skulen. Foreldre får høv til å gje informasjon om barnet. Oppfølging av TRAS er også tema.	Rektor og kontaktlærar
OKT. - NOV.	Evaluering av overgangsprosessen. Styrar og rektor tar del.	Styrar